

NVE  
Pb. 5091, Majorstua  
0301 OSLO

Dykkar ref. 201842903-2  
” arkiv; 630

Vår ref: A.305 HÅ/NVE/selsk-funk.skilje - komm.

Dato: 08.11.19

## **Klepp Energi sitt høyringsvar – til forslag om endring i energilovforskrifta**

Vi viser til brevet frå NVE 28.06.19 og høyringsdokument nr. 8/2019, der ein ber om kommentar til dei foreslåtte endringane i energilovforskrifta.

### **Nye og strengare regler for selskapsmessig og funksjonelt skille vil vera byråkratiserande, auka nettleigekostnaden for kunden, hindra samfunnsutviklinga ute på bygdane og føra til svekka beredskap.**

Dei foreslåtte endringane i energilovforskrifta vil føra til meir byråkratisering og kunna gje auka nettleigekostnadar, fordi ein blir hindra i å kunna vera effektiv og gjera det beste for samfunnet.

Den største bakdelen med denne forskriftsendringa er at selskapa blir mindre fleksible til å kunna utføra andre oppdrag og å ta på seg det lokale samfunnsansvaret i sitt nærområde. Breibandutbygginga ute på bygda, som mange energiverk har tatt ansvar for utbygging av, ville truleg ikkje blitt noko av om det ikkje var for dei lokale energiverka rundt om i landet. I dag er det i mange tilfeller mykje bedre breibanddekning ute på bygda enn det er i storbyane, fordi dei mindre energiselskapa har ordna dette på bygda både som eit forretningsområde og som eit lokalt samfunnsansvar.

Slike nye forretningsområder har også vore viktige for utviklinga av nettselskapet, både i fht. å få meir forretningstankegang inn i selskapa, personellutviklinga i fht. ny teknologi og bli bedre rusta til teknologiutviklinga som vil koma framover i nettselskapa. For Klepp Energi sin del har mange av våre montørar og planleggarar, planlagt, montert og kopla opp breibandnettet i kommunen, ein kompetanse me no skal overføra til nettselskapet for å kopla opp overvåking og styring av nettet m.h.a. driftssikkert fibernet.

Når ein har kunna utført fleire oppdrag og samkøyrd utbyggingar med andre aktørar, har ein og kunna fått ned nettutbyggingskostnadane fordi ein er fleire aktørar som skal dela utbyggingskostnaden og dermed fått både meir driftssikre straumnett for kvar krona og billegare nettleiga til kundane.

Ei anna viktig sak i tida framover er klima- og miljøarbeidet. Fram til no har Klepp Energi kunna brukt planleggarar og montørar i energiselskapet på tvers av avdelingane til bl.a. utbygginga av biogassnettet i kommunen. Eit gassnett som skal brukast til å kopla opp biogassproduksjon frå gardsbruka, for å redusera klimagassutsleppet frå landbruket. Sjølv sagt blir timaforbruket til planleggar og montør ført på det prosjektet det høyrar heime på.

Når no dei strengare reglane for selskapsmessig og funksjonelt skille blir innført, vil dette bli eit hinder til å vidareutvikla slike klima- og miljøprosjekt. Og til å få igangsett nye viktige klimatiltak, fordi ein ikkje lenger kan vera so fleksibel i fht. ressursbruken innad i selskapet.

Beredskapen kan og bli svekka, dersom ein ikkje skal kunna få lov til å kjøpa slike tenestar innad i konsernet.

#### **Klepp Energi AS**

**Postadresse**  
Postboks 156

**Besøksadresse**  
Jærvegen 548

**Telefon**  
51 78 94 00  
**Kundeservice**  
51 78 94 30

**E-post**  
post@klepp-energi.no  
**Internett**  
www.klepp-energi.no

**Org.nr.**  
NO 977 285 712 MVA



**strøm • breiband • fjernvarme • deponiggass**

### **Markedsføring og kommunikasjon**

Vi er einige i dei nye bestemmelsane i fht. markedsføring og kommunikasjon, for å sikra at nettselskapa opptretr nøytralt.

### **Om fjerning av muligheita til å ha leiande stilling i både morselskap og datterselskap**

Etter vår oppfatning er NVE sitt forslag om å fjerna adgangen til å ha leiande stilling i både morselskap og nettselskap, eit lite eigna virkemiddel. Dersom forslaget blir vedtatt, vil dette med stor grad av sannsynlegheit påføra energiselskapa meirkostnadar i form av ekstra løn og styregodtgjersla. Slike tilleggskostnadar vil nødvendigvis bli vidareført til selskapa sine kundar.

Det er vanskeleg å sjå at ein oppnår noko større effekt i form av styrka vern mot diskriminerande opptreden og kryssubsidiering mellom foretaka med dette kravet.

Vi ser at det blir stilt spørsmål til hjemmelsgrunnlaget til NVE sitt forskriftskrav om å innskrenka muligheitane for at same person har ledande stilling både i nettselskap og i morselskap eller kontrollerande eigar. Det er viktig at regelverket som blir lagt fram er i samsvar med norsk lov.

### **Norge bør følge EU sitt regelverk om selskapsmessig og funksjonelt skille**

Dersom NVE sitt forslag til nye forskriftbestemmelsar blir gjennomført, vil Norge vil få det strengaste regelverket i Europa kva gjeld det funksjonelle skillet.

I EU sitt regelverk har ein begrunna at for selskap med færre enn 100.000 kundar, er slike skille unødvendig byråkratiske og fordyrane for kundane. Selskap med under 100.000 kundar, er derfor ikkje omfatta av desse reglane i EU. I Norge er det ekstra viktig at ein ikkje har for strenge reglar på dette området, pga. dei store geografiske avstandane og vanskeleg landskap å drifta nettet i. Det er og ofte eit lite fungerande entreprenørmarked i utkant Norge for kjøp av tenestar for drifting og bygging av straumnett. Derfor er regjeringa sitt forslag om å innføra funksjonelt skille for selskap over 10.000 kundar alt for lavt. Grensa burde vore på minimum 30.000 nettkundar og helst 100.000 slik som for EU landa.

Med helsing  
KLEPP ENERGI AS



Håkon Ådland  
Direktør